




PreForm Fjaler Kommune
Post: FnU N-6963 Dale i Sunnfjord

«PreForm»

Prosjektperiode 2011-2012-2013-2014



© Sandsund&Lie ANS

AVSLUTTANDE RAPORTERING BULYSTPROSJEKT «PreForm»
Prosjektperiode 2011- 2012-2013-2014
30.04.2015

Innhald

1.0		Kort historikk	3
	1.1	Prosjektsøknad	3
	1.2	Økonomi	3
2.0		Prosjekt mål	4
3.0		Organisering	4
	3.1	Styringsgruppe	4
	3.2	Ressursgruppe	5
	3.3	Prosjektleder	5
	3.4	Kontor	5
4.0		Endringar i prosjektet	6
	4.1	Finansiering	6
	4.2	Produksjonslokal	6
	4.3	Tidsr�me	7
5.0		Aktivitetar og resultat	7
	5.1	M�l og delm�l med prosjektet - resultat	7
6.0		Vidaref�ring av prosjektet	14
7.0		Rekneskap	16
		Vedlegg 1 Rapport 2012	
		Vedlegg 2 Rapport 2013	
		Vedlegg 3 Rapport 2014	
		Vedlegg 4 Rapport produksjonslokale	
		Vedlegg 5 PreForm AS Vedtekter	
		Vedlegg 6 Bustad og Overnatting	
		Vedlegg 7 Fjaler Kommune om Transplantbygget	
		Vedlegg 8 Rekneskap/Revisjonsrapport.	

AVSLUTTANDE RAPPORTERING BULYST - PreForm **Prosjektperiode 2011-2012-2013-2014**

1.0 Kort historikk

Fjaler har ei lang historie der det internasjonale og kunst og kultur har vore viktige element i samfunnsutviklinga. Kommunen kan sjå tilbake på mange viktige avgjerder som har styrka denne utviklinga. I nyare tid ser vi at etableringa av Nordisk Kunstnarsenter Dale har vore viktig for å sette kommunen på kartet som ein stad for kunstproduksjon. I dag er Fjaler blant dei kommunane i Norge som får mest støtte pr. innbyggjar til kunstproduksjon frå Norsk Kulturråd, og kommunen får også internasjonal merksemd for satsinga si.

Vi har òg sett at fleire med bakgrunn innanfor kunstproduksjon og dei kreative næringane har funne miljøet denne satsinga har skapt, attraktivt og har etablert seg her. Vidare veit vi at miljøet fører til at Fjaler er i ein unik situasjon som arena for kunstproduksjon på den norske bygda. Men, samstundes veit vi òg at Fjaler ikkje har nødvendig infrastruktur til å vidareutvikle denne ressursen. Tidlegare tiltak var heller ikkje sterkt forankra i daverande planar og Fjaler kommune ynskte å vidareutvikle sin kompetanse og såg at miljøet er ein viktig ressurs for framtida.

Med ønskje om vidareutvikling av det kreative miljøet var resultatet at det vart etablert eit forprosjektet, PreForm, som starta opp hausten 2010, eit forprosjekt der Fjaler kommune var prosjekteigar og med prosjektleiar tilsett i 50% stilling.

1.1. Prosjektsøknad

Forprosjektet konkluderte med at det vart sendt søknad til Kommunal og Regional – departementet (KRD). I søknaden vart det stadfesta at Fjaler kommune er juridisk eigar av prosjektet og at prosjektet er organisert som eit «Bulystprosjekt», direkte under Rådmannen.

Søknaden informerer om tidsrâme (tre år), budsjett og finansiering for gjennomføring av prosjektet, ansvar, kontaktpersonar, organisering, omtale av prosjektet, målgrupper og målsetting for prosjektet. Av søknaden går det fram at prosjektaktivitetar og gjennomføring skal gjerast ved finansiering av Fjaler Kommune, Kommunal og Regional departementet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fjaler Næringsutvikling.

1.2 Økonomi

Søknaden om prosjektstøtte til eit bulystprosjekt konkluderte med ei finansell râme på 7 472 000.- for gjennomføring av prosjektet. Av dette ønskte søkjarane at departementet skulle yte 3 760 000.- over tre år (50%).

Finansiering av prosjektet vart elles gjort slik som nemnt i pkt.1.1.

Søknaden var vellukka i den forstand at kommunen fekk midlar til å gjennomføre eit «bulystprosjekt» med målsetting å sjå nærare på korleis dei kreative ressursane i kommune kan utviklast, men budsjettet måtte justerast ned.

2.0 Prosjektmål

I søknaden til KRD er prosjektmåla gjort greie for. Måla er satt opp slik:

1. Vidareutvikle eit fagmiljø som gjer kunstprodusentane i Fjaler attraktive for den nasjonale og internasjonale marknaden.

2. Skape og bygge ein fleksibel infrastruktur for kunstprodusentar i Fjaler knytt til;

- a. Produsenttenester og rådgjeving*
- b. Frie produksjonsmidlar*
- c. Produksjonslokale*
- d. Bustader*

3. Våre mål knytt til LUK:

- a) Utvikle og ta i bruk modellar for rådgjeving til kunstprodusentar i distrikta.*
- b) Undersøke synergieffektar av kunstproduksjon som lokal utviklingskraft*
- c) Innarbeide erfaringane i planverket til Fjaler kommune, og bidra til at desse erfaringar kan brukast av andre.*

4. Styrke Fjaler sitt omdømme og gjere kommunen og regionen til ein meir attraktiv stad å bu, gjennom tilrettelegging for interaksjon mellom kunstprodusentane og lokalsamfunnet elles.

Vidare seier søknaden at målgruppa for PreForm-prosjektet er :

1. Profesjonelle kunstnarar og etablerarar av kreativ næring som bur eller ynskjer å etablere seg i Fjaler eller nærområdet og bli ein del av produksjonsmiljøet i Fjaler.

2. Innbyggjarane i Fjaler og regionen:

Satsinga vil medføre auka aktivitet for innbyggjarar og næringsliv – føre til større attraktivitet og vidareutvikle Fjaler sitt omdømme som arena for kunstproduksjon

3. Små kommunar og bygdesamfunn:

Erfaringane og resultatet frå prosjektet vil ha ein overføringsverdi til små kommunar og bygdesamfunn.

3.0 Organisering.

Prosjektet har vore organisert som nemnt i søknaden til KRD.

Prosjekteigar er Fjaler Kommune og prosjektet har vore organisert rett under Rådmannen.

Kontaktpersonar: Fjaler Næringsutvikling - Linda Hovland, leiar og

Fjaler Kommune – Ingeborg Opdal Tysnes, kulturleiar

Kontaktperson i fylkeskommunen har vore: Sissel Lillebø Aarseth, rådgjevar Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

3.1 Styringsgruppe:

I samsvar med søknaden er det ei styringsgruppe som har hatt overordna styring med prosjektet. Styringsgruppa vart konstituert 20 okt 2012 med Ingeborg Tysnes, Fjaler Kommune som leiar og med følgjande representantar:

Ingeborg Tysnes (leiar)	Fjaler Kommune	Kultursjef
Linda Hovland	Fjaler Næringsutvikling	Leiar
Kjetil Felde	Fjaler Kommune	Formannskapet
Siren S. Juliussen (<i>observator</i>)	Sogn og Fj. Fylkeskomm.	Plan og samfunn
Sissel Aarseth(<i>obsevatør</i>)	Sogn og Fj. Fylkeskomm.	Kulturavd
Sekretær: Arild Bergström	Preform	Prosjektleiar

Fylkeskommunen valte seinare å la seg representere med *ein* observatør.

3.2 Ressursgruppe

I same møte vart det etablert ei Ressursgruppa som har hatt til oppgåve å gje råd og innspel til prosjektleiar samt fatte vedtak i saker som inngår i prosjektet. Ressursgruppa vert satt saman slik:

Fjaler Kommune	kultursjef	Ingeborg O Tysnes
Fjaler Næringsutvikling	leiar	Linda Hovland
Preform	prosjektleiar	Arild Bergström
Fjaler Kommune	formannskapet	Kjetil Felde

Leiar for gruppa har vore Ingeborg O Tysnes. Gruppa har knytt til seg spesialkompetanse etter behov.

3.3 Prosjektleiar

Prosjektleiar vart tilsett etter utlysing av stillinga. Prosjektleiar Arild Bergström tok til i arbeidet august 2012. Dette var seinare enn planlagt. I tillegg har fleire arbeidsgrupper vore i arbeid med ulike aktivitetar.

3.4 Kontor

PreForm har hatt kontorfellesskap med Fjaler Næringsutvikling og andre aktørar innan naring og kultur. Dette har sikra god dialog og tett samarbeid.

4.0 Endringar i prosjektet

4.1 Finansiering:

Prosjektet, inklusive målsetting og omfang, har endra seg etter at det vart klart at konomien i prosjektet ikkje vart som føresett i søknaden om finansiering.

Det omsøkte finansieringsbudsjettet hadde ei totalrøme på kr 7 472 000.-, mens midlane for gjennomføring av prosjektet vart redusert til : 4 860 000.-, sidan korrigert til 4 830 000.- Tilskot til prosjektet vart da ytt slik:

Finansiering		
Fjaler kommune	Produksjonslokale - drift, investering, eige arbeid -øk tilskot	1 180 000
Fjaler næringsutvikling + invistering	Eige arbeid - kontor (tiltaksmidlar til etablerarar er ikkje trekt inn her)	175 000
Fjaler næringsutvikling nettverksamling	Næringsfondet - Fjaler	65 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	LUK og Bulyst*	1 610 000
Kommunal og regionaldepartementet	50% av totalkostnad	1 800 000
Samla finansiering		4 830 000

Styringsgruppa tok konsekvensen av at dei økonomiske rømene i prosjektet vart endra. Med ein reduksjon på 2,61 mill. vart det klart at prosjektet ikkje kunne gjennomførast som først planlagd.

Styringsgruppa vedtok i møte 16.04.2013 at ein ville redusere kvantitative og kvalitative mål slik at prosjektet kunne gjennomførast i samsvar med midlar ein hadde til rådvelde. Forskingsdelen i prosjektet vart tona ned og det vart klart at med redusert budsjett vart det naudsynt å finansiere forskning med eksterne midlar. Likeeins var det semje om at talet på internasjonale "workshops" skulle reduserast og at talet på bustadar (10 bygde) og fleksibelt barnehageinntak har ikkje prioritet. Styringsgruppa ønskte å oppretthalde målsetting kring Kulturskule-samarbeid / teater for born og unge.

4.2 Produksjonslokal

Reduksjon av areal til kunstnarleg produksjon:

I september 2012 heiter det i notat frå prosjektleiar:

«1) Realitetane kring oss er at arealet, disponibelt til kunstnarleg verksemd, er minkande». ...Dette har grunnlag i at ved Nordisk Kunstnarsenter Dale er ein bygning på om lag 6-700m² stengt av, og for Transplantbygget vil : «*Transplantrummet med tilhøyrande aktivitet vil forsvinne som grunnlag for kulturaktivitet*»

Prosjektleiar peiker på at : «*Det er grunn til å tru at om lag 1000m² , eller meir, nå er "ute av drift" eller nytta til andre formål enn kunstnarleg verksemd.*»

Og at «*.PreForm endra frå å vere eit offensivt program til å bli eit program som må arbeide for å halde oppe det ein allereie hadde skapt før PreForm vart starta...*»

4.3 Tidsr me

Grunna forseinka tilsetjing av prosjektleiar vedtok styringsgruppa at prosjektaktiviteten skulle forlengjast til 31. desember 2014 med rapportering innan 1ste mai 2015 og KRD vart informert om dette.

5.0 Aktivitetar og resultat

Denne rapporten er supplert med vedlegg som alle gjer greie for aktivitetar og resultat for einskilde prosjektperiodar 2012-2013- 2014.

I tillegg er det utarbeidd egne rapportar for produksjonslokale og bustad/overnatting.

Sj lv om ein har arbeidd med nedjustert budsjett (sj  pkt 4.0) og andre endra f resetnadar, har ein helde fast ved hovudm lsetjinga i prosjektet.

Under f lgjer eit samandrag og opplisting av kva som har vore arbeid med og kva resultat ein kan sj  i prosjektperioden. Rapportering f lgjer m lsetting, slik det er satt opp i s knaden om finansiering.

M l og delm l med prosjektet:

1. Vidareutvikle eit fagmilj  som gjer kunstprodusentane i Fjaler attraktive for den nasjonale og internasjonale marknaden.

Det profesjonelle skapande og ut vande milj et i Fjaler arbeider ikkje i eit vakuum, men har etablert kontaktar og fagleg samarbeid utover kommunegrensene, b de nasjonal og internasjonalt. I prosjektarbeidet har det vore naturleg   trekke inn kunst/kulturprodusentar som arbeider med tilknytning til Fjaler-milj et. D.v.s at om lag 25 kunst og kulturprodusentar har vore invitert med i aktivitetane.

I samsvar med m lsetjinga er milj et er fagleg styrka ved at akt rane  rleg har vore invitert til ei rad nettverkssamlingar, og med tilbod om direkte og indirekte deltaking i prosjektet. Dei 10 nettverksamlingane har hatt karakter av faglege samlingar og har gjeve kunstprodusentane som h ve til   kome med innspel til prosjektet.

Internasjonalt seminar:

I samsvar med m lsetjinga organiserte Preform-prosjektet i 2013, i samarbeid med Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Nordisk Kunstnarsenter Dale, eit internasjonalt seminar der m let var   unders kje nokre av utfordringane som m ter profesjonelle kunstprodusentar som har valt   etablere seg utanfor dei tunge, sentrale omr da og samtidig arbeide utadvendt og internasjonalt. Spesielt invitert som f relesarar var :

- Halld r Bj rn Run lfsson, direkt r National Gallery Iceland
- Gudfinna Mj ll Magn sd ttir, Island, Vik Prj nsd ttir
- Lars Sture, kunstnar/ kurator Noreg/England
- Elisa Tosoni, kurator Italia / Sveits
- Irene Kernan, direkt r, Edinburgh Sculpture Workshop, Skottland
- Karina Siegmund kunstnar/entrepren r, Noreg/Tyskland

Seminaret med tittel «Alter Edge» fann stad i Dale ved NKD (<http://www.preform.fjaler.no/alter->

Sjå også vedlegg 3 og 4 : Internasjonale kontaktar

2. Skape og bygge ein fleksibel infrastruktur for kunstprodusentar i Fjaler knytt til;

- a. Produsenttenester og rådgjeving*
- b. Frie produksjonsmidlar*
- c. Produksjonslokale*
- d. Bustader*

a. Produsenttenester og rådgjeving

I samsvar med vedtak i styringsgruppa har dette temaet vore eit hovudarbeidsområde i prosjektet. Som oppfølging av innspel på nettverksmøte vart ei eige arbeidsgruppe oppnemnt.

Arbeidsgruppa hadde som oppdrag å finne svar på kva som kunne vere best tenleg verkty i utvikling av produsent-tenester og rådgjeving.

Fjaler Næringsutvikling tok del i arbeidsgruppa som elles var satt saman med representantar for kunstprodusentane og institusjonane. I dette arbeidet var det heile tid tett kontakt til Fjaler kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Organisasjonane Proscen og VISP, Bergen deltok på nettverksmøter, det same gjorde representantar frå Skien, og «Kunstnerbyen Skien».

PreForm AS:

Arbeidsgruppa kom fram til det mest tenlege verktyet ville vere å opprette eit eige aksjeselskap med ideelt føremål som skal til oppgåve å «...yte rådgjeving til kunst/kulturprodusentar og den kreative næringa i Fjaler kommune og nærområda»

Resultatet av arbeidet er følgd opp ved at kunst –og kulturprodusentane har gått saman om skiping av eit eige aksjeselskap .

Kjernen i dette arbeidet er å styrke kunst-og kulturproduksjon og arbeidtilhøve for kunstnarar, til beste for publikum og nærmiljø. Selskapet og initiativet er del av strategien for vidareføring av sluttprodukt i PreFprm-prosjektet.

I alt 22 kunstnarar og kulturprodusentar frå PreForm-nettverket har gått med i selskapet.

Vi ser dette arbeidet som eit nybrotsarbeid når det gjeld å organisere kunstnarleg kompetanse og produksjon, tenester og rådgjeving, der målgruppa er kunstprodusentar, publikum og offentlege tenester/institusjonar.

Sjå også Vedlegg 2 og 3 om same sak. Sjå også pkt 3. Våre mål knytt til LUK

Selskapets vedtekter er å finne i vedlegg 4.

b. Frie produksjonsmidlar

Frie produksjonsmidlar har synt seg særst viktig for kunstnarleg produksjon og aktivitet. At det har vore ei slik ordning i prosjektet har hatt stor verknad på finansiering og gjennomføring av kunstnarlege prosjekt. Dette syner seg att i omfanget av tildelingar og variasjon i brukergruppa. I alt er det tildelt meir enn kr 420 000.- i produksjonsmidlar og andre kapasitetar i

prosjektperioden. Produksjonsmidlane har sikra internasjonalt samarbeid, enkeltprosjekt i inn og utland, samt auka aktivitet lokalt.

Mottakarane av midlane har vore:

Teaterfestivalen i Fjaler

Alda Teateret

Litteraturmisjonen

Lys i Gamle Hus

Anne Lise Stenseth , biletkunstnar

Sandsund/Lie, teaterproduksjon

Nordisk Kunstnarsenter Dale, m/landskapskunst, seminar

David Zadig, fotograf

Lillian Samdal, biletkunstnar/musiker

Ralston&Bau, design, internasjonalt prosjekt, seminar m.m.

October Sound, Internasjonalt musikkprosjekt

Karina Siegmund, tekstilkunstnar

Mediastudentar, filmprosjekt

Erfaringane og resultatane er så verdfulle at ein har valt å sjå bort frå målsettinga som nemnt i søknaden om etablering av eit stipend. I staden ønskjer prosjektet at det vert tilgang på produksjonsmidlar for profesjonell kunst og kulturproduksjon.

PreForm As skal ha som arbeidsoppgåve å sikre at produksjonsmidlar vert tilgjengelege etter prosjektslutt.

c. Produksjonslokale

Sjå pkt. 4.0. Endringar i prosjektet

Produksjonslokal for scenekunst:

I høve arbeidet med produksjonslokal for scenekunst er det utarbeidd eigen rapport.

Den er å finne som vedlegg 4 til denne rapporten.

I prosjektsøknaden til Kommunal og Regionaldepartementet om PreForm-prosjektet heiter det at ein vil auke tilgangen på produksjonslokale i Fjaler og sikre eksisterande infrastruktur for kulturproduksjon.

Dette ønskjer ein å gjere ved å " planlegge, finansiere og bygge opp produksjonslokale for kunstproduksjon og kreative næringer. Legge spesielt til rette for produksjon av scenekunst og sikre noverande arbeidsplassar. "

Målsettinga har vore at ein vil auke infrastrukturen med 1-eitt- produksjonslokale tilpassa scenekunst-produksjon. I dette arbeidet har ein ikkje nådd heilt fram ved prosjektslutt.

Vedlegg 4 inneheld tilråding om korleis Fjaler Kommune kan sikre nåverande bygg for kunst-og kulturproduksjon.

Fjaler kommune v/formannskapet har uttalt at dei ønskjer å ta over Transplantbygget for å utvikle det vidare som kulturbygg der det også skal vere rom til andre næringer. Kommunen vil da vere 100% eigar av bygget. Kommunen vil etablere eit eige utviklingsprosjekt som skal sikre at produksjonslokal for scenekunst får plass i bygget.

Dette er i tråd med tilrådinga frå PreForm-prosjektet. Sjå Vedlegg 7.

Andre produksjonslokal:

Gamle Kommunehuset

Det er oppretta nytt studio i «Gamle Kommunehuset». I alt 6 kunstnarar har no studio i GK mot tidlegare 4. Utbetringar av arbeidstilhøve er satt i gang.

Gamle Skulehuset:

Ein kunstnar nyttar deler av huset som studio. Andre deler i bruk som utstillingsstad og prosjekttrom.

Tekstilfabrikken:

Det har tidlegare vore rapportert om etablering av «Tekstilfabrikken» i Dale sentrum, jfr. vedlegg 2. Kunstnaren bak satsinga er i dag busett ei anna stad i fylket og «Tekstilfabrikken» er ikkje lengre aktiv.

Jakob Sande-tunet:

I Jakob Sande tunet har PreForm-prosjektet vore aktivt inne for å sikre midlar til opprusting av våningshuset med tilhøyrande arbeidsstad (residency) for vitjande kunstnarar. I samarbeid med Jakob Sande-selskapet har det lukkast Preform å legge grunnlaget for ei opprusting av våningshuset. I 2014 har arbeidet med rehabilitering av våningshuset helde fram og arbeidet er venta avslutta i 2015.

Utbetningsprosjektet starta opp med ei kostnadsråme på Kr. 1,9 mill. I samband med dette har PreForm i samarbeid med JSS utarbeid ein rapport som syner ulike alternative løysingar for drift av ei *residensordning* i anlegget, inklusive kriterium for seleksjon av forfattarar/skribentar og ei tilknytning til arbeidsromma i «Gamle Kommunehuset».

Nordisk Kunstnarsenter Dale:

PreForm har i prosjektperioden etablert eit godt og nært samarbeid med NKD. Her inngår arbeidet for å utbetre arealet som i dag er inaktivt (avstengd bygning) og arbeid for å sikre fortsatt drift av NKD finansiert over statsbudsjettet.

d. Bustader

Pga endra økonomiske føresetnadar i prosjektet (minska budsjett) såg styringsgruppa at det ikkje ville vere mogleg å nå målsettingane på dette punktet.

Likevel ønskte ein at det skulle arbeidast med dette temaet sidan eit tilbod om bustad er avgjerande viktig for etablering av kunstprodusentar i kommunen. PreForm har derfor arbeid med denne saka like sidan oppstart av prosjektet og har engasjert eksternt kompetanse til å skaffe til veie informasjon, kunnskap og eit godt saksgrunnlag.

I samarbeid med Fjaler Næringsutvikling og Ideal Lab/Ralstion&Bau og sosiologen Rainer Rosegger, Austerrike, er det utarbeid ein rapport som peiker på kva som krevjast av tilrettelegging av bustad for folk som ønskjer å etablere seg i Fjaler med kreativ næring og kva rammevilkår som er ønskjelege.

Rapporten er lagt ved denne dokumentet som vedlegg nr. 6

3. Våre mål knytt til LUK:

a) Utvikle og ta i bruk modellar for rådgjeving til kunstprodusentar i distrikta.

PreForm-prosjektet har synleggjort nokre av dei utfordringane dagens profesjonelle kunstnarar møter.

Vi har sett at kunstnarleg verksemd i langt sterkare grad enn før krev nettverksbygging, marknadsføring, presentasjon, søknadsskriving og prosjektutforming, samstundes som profesjonelle kunstprodusentar møter auka krav til oppdatert teoretisk og akademisk kompetanse og rapportering.

Dette vart glimrande visualisert av Lotta Melin, (svensk koreograf og scenekunstnar) sitt innlegg på Kulturrådets Årskonferanse 2014, der ho bokstaveleg talt viklar seg inn i prosjektpapirveldet.

PreForm-prosjektet, har sett desse utfordringane og vil møte dei ved å tilby ei løysing som gjer kunstnarane i stand til å bruke meir tid og energi på det dei er utdanna til: Det kunstnarlege arbeidet.

PreForm-prosjektet sette av naudsynt med tid til å undersøkje korleis ein modell for rådgjeving og produsenttenester best kan organiserast og kva slag verkty som kan vere tenlege. I denne prosessen vart det også klarlagt kva arbeidsområde som var vesentlege og kva rolle kunstnarane sjølve ville ha, og kunne ha, i arbeidsmodellen .

Arbeidet vart utført av ei arbeidsgruppe i med representantar for kunst –og kulturprodusentane (tverrfagleg), PreForm og Fjaler Næringsutvikling .

Arbeidet stadfesta at samla har Fjaler og nærområdet gode ressursar innan kunstfagfeltet. I tillegg til at det er kunstnarar innanfor mange ulike fagfelt, finn vi eit høgt fagleg nivå.

Arbeidsgruppa såg det som er ein viktig del av arbeidsmodellen å organisere og nyttiggjere denne ressursen.

Resultatet av arbeidet er at kunstmiljøet i Fjaler og nærområda no synleggjer viljen til vidare satsing ved å etablere PreForm AS, eit aksjeselskap med ideelt føremål, skipa og eigd av kunstnarane og kulturprodusentane i området.

Ved skipinga av PreFormAS tar kunstnarane sjølve konsekvensen av utviklinga nemnt ovanfor og selskapet skal takast i bruk som modell for rådgjeving og produsenttenester retta mot profesjonelle kunst/kulturprodusentar som etablerer seg utanfor dei større sentra.

Her skal ein særleg ta sikte på:

- **Fagleg utvikling - auke produksjon og kvalitet**
- **Formidle og nytte kunstnarane sin kompetanse**
- **Styrke kunstnarane sitt økonomiske grunnlag**
- **Arbeide vidare med eksterne nettverk på nasjonalt og internasjonalt nivå.**
- **Auke kompetanse for rådgjeving og utvikling av kunstproduksjon og kreative næringar**

Eit vesentleg verkty for kunstnarane er bruk og utveksling av kompetanse. PreForm AS skal derfor nytte kunstnarane sin kompetanse aktivt, både eksternt og internt, for med det å frigjøre ressursar, også finansielle, til kunstnarleg arbeid og produksjon.

Kunnskapsbase:

Ein kunnskapsbase med utgangspunkt i kunstnarane sin spesialkompetanse skal vere ein hovudreiskap i selskapet si verksemd.

Likeeins som toppidrettsutøvarar har sin «smørebus» lasta med spesialkompetanse som skal sikre best mogleg resultat for utøvarane, skal PreForm AS medverke til at produsentane av kunst- og kultur kan konsentrere seg om si hovudverksemd, produksjon av kunst og kultur på høgt kvalitativt nivå.

Selskapet sikrar fire viktige element:

1. Ta i bruk kunstanrane sin kompetanse.
2. Hente inn kompetanse utanfrå
3. Sikre kontinuitet og utvikling.
4. Sikre at kunnskap og erfaringar vert lokalt forankra.

Sjå også: **a. Produsenttenester og rådgjeving** .

b) Undersøke synergieffektar av kunstproduksjon som lokal utviklingskraft

I perioden 2014 vart det klart at det ikkje let seg gjere å få i stand eit samarbeid med Distriktssenteret i Sogn og Fjordane om gjennomføring av forskingsdelen i prosjektet. Som det tidlegare har vore nemnt har styringsgruppa, til trass for manglande finansiering, hatt som ønskje å gjennomføre forskingsdelen i prosjektet.

Distriktssenteret har i dag andre arbeidsoppgåver enn ved oppstarten av PreForm-prosjektet og styringsgruppa fann at det ikkje var grunnlag for å gå vidare med dette arbeidet.

c) Innarbeide erfaringane i planverket til Fjaler kommune, og bidra til at desse erfaringar kan brukast av andre.

Preform-prosjektet og aktivitetane der har vore presentert for kommunestyret, formannskapet og vidareføring av Preform-prosjektet er tatt inn i framlegg til ny kommuneplan for Fjaler Kommune, samfunnsdelen. Prosjektet har i det daglege arbeidet hatt god og tett kontakt med Fjaler Kommune og Fjaler Næringsutvikling, både via representant i styringsgruppa for Preform og elles. Fjaler Kommune vi gå inn som eigar av ein mindre part aksjar i det nyskipa selskapet PreForm AS, der kunstprodusentane er hovudeigarar.

4. Styrke Fjaler sitt omdømme og gjere kommunen og regionen til ein meir attraktiv stad å bu, gjennom tilrettelegging for interaksjon mellom kunstprodusentane og lokalsamfunnet elles.

Ved kunstnarleg, publikumsretta aktivitet, samarbeid og produksjon, og ved samtidig å styrke kunstnarane sine arbeidstilhøve, har Preform medverka til auka interaksjon mellom kunstprodusentane og lokalsamfunnet.

Dei aktivitetane der det har vore ein tydeleg og klår interaksjon mellom lokalsamfunnet og kunst – og kulturprodusentane har vore innan scenekunst, litteratur og biletkunst.

Teaterfestivalen (<http://www.teaterfestivalenfjaler.no/>):

Interaksjon har til no vore mest synleg i resultat som Teaterfestivalen i Fjaler, teater for ungdom, verksemda til Litteraturmisjonen og boka "Ordklode", resultatet av prosjektet der borna i Fjaler laga dikt saman med forfatter Demian Vitanza og andre kunstnarlege prosjekt slik som t.d. landskapskunsten skapt i regi av NKD.

Teaterfestivalen er kanskje det mest vellukka resultatet i PreForm og i tillegg til dei to festivalane som er organisert, er ein no på veg med ein tredje festival.

Teaterfestivalen har engasjert lokalbefolkninga og vi veit at meir enn 125 personar har teke del i det frivilljuge arbeidet kring festivalen og at meir enn 50 artistar/festivalgjester har overnatta i private hus. Nokre av førestellingane fann stad i private heimar.

Festvalen og dei profesjonelle kunstnarane knytt til festivalen har auka tilbodet til publikum og born og ungdom. Aktivitetar for born har vore ein naturleg del av festvalprogramma samstundes som festivalen har vore omtala i pressa som ein « festival med internasjonalt nivå».

Landskapskunst:

PreForm har samarbeid med og støtta landskapskunstprosjektet satt i gang av NKD. Prosjektet har engasjert publikum direkte i form av involvering av stadval og material for prosjektet. (<http://www.nkdale.no/#page-project-single>)

Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak:

- etablering av kunstnareigd selskap: PreFormAS
- Nytt studio i «Gamle Kommunehuset», auke frå fire - til seks arbeidsstader på tusenårs-staden (<http://www.preform.fjaler.no/gamle-kommunehuset/4572584472>)
- arbeidstad i Gamle Skulehuset
- Litteratur – innhenta eksternt finansiering m/oppstart av utbetring av gjesteverkstad/bustad Jakob Sande-tunet, i samarbeid m/Jakob Sande-selskapet
- Tilråding om gjestekunstnarordning, finansiering og drift.
- Litteraturmisjonen- lokalt initiativ, bokpublikasjon (<http://tinyurl.com/qe48vw9>)
- Etablering og gjennomføring av de to første Teaterfestivalane med symposium og foredrag. Festival nummer tre under arbeid.

Annan finansiering av kunstprosjekt:

- "Lys i Gamle Hus" – kommunalt prosjekt med fokus på kunstnarleg aktivitet og presentasjonar
- Landart prosjekt, tre installasjonar, samarbeid med NKD (<http://www.nkdale.no/>)
- October Sound, musikk/lyrikk samarbeid m/United World College RedCross Nordic
- Alda Teateret (<http://www.preform.fjaler.no/aldateateret/4572588539>)
- Lys i Gamle Hus
- Anne Lise Stenseth, biletkunstnar (<http://www.preform.fjaler.no/anne-lise-steinseth/4572541958>)
- Sandsund/Lie, teaterproduksjon (<http://www.preform.fjaler.no/sandsunds-lie-ans/4572588489>)
- David Zadig, fotograf (<http://davidzadig.com/>)
- Lillian Samdal, biletkunstnar/musiker -<http://www.preform.fjaler.no/lillian-samdal/4572541962>
- Ralston&Bau, design, internasjonalt prosjekt, seminar m.m. (<http://www.ralstonbau.com/>)
- October Sound, Internasjonalt musikkprosjekt (<http://www.preform.fjaler.no/october-sound-project-2012/4573473812>)
- Karina Siegmund, tekstilkunstnar
- Mediastudentar, filmprosjekt

Prisar:

- 2 internasjonale designprisar (Ralston&Bau)
- 1 nasjonal teaterpris (Torkil Sandsund)
- Fjaler er kåra til årets kulturkommune i Sogn og Fjordane 2015

Aktivitet:

- utvikling av produsentteneste, arbeidsgruppe
- planarbeid vedr. etablering av produksjonslokal for scenekunst, plangruppe
- produsert egen webside, Facebook, Twitter og Flickr (preform.fjaler.no)
- organisert 10 nettverkssamlingar

- innhenting av ekstern kompetanse
- vidareutvikling av kunstproduksjon/studio i kommunalt bygg
- internasjonalt seminar i samarbeid m/NKD og Sogn og Fjordane Kunstmuseum
<http://tinyurl.com/pwbtsm9>
- medverka til utstilling Islandsk samtidskunst, Sogn og Fjordane Museum,
<http://tinyurl.com/ohy7lwm>
- førelesingar i samarb m. Nordisk Kunstnarsenter Dale(NKD)
- survey for kunstprodusentar vedr. økonomirådgeving
- Utvikling Bed&Breakfast-prosjekt
- Bustad & verkstadundersøking
- stønad til kunstnarlege prosjekt

Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet

- 2012-Seminar Bulyst i Solund Kommune _ Bulyst (Bustad)
- 2012- Seminar Bulyst Nordjordeid– Bulyst VAKN (kulturbasert næring)
- 2012- Seminar Sogn og Fj. Fylkeskommune- (kunstnarkår)
- 2012- Prosessleing i samfunn og organisasjon- LUK, Sogn og Fj Fylkeskomm.
- 2013- Bulystkonferansen, Jølster, Sogn og Fjordane
- 2013- Vestlandsk Vidsyn, Ålesund Møre og Romdal Fylkeskomm.
- 2013- Erfaringsamling, Jølster, Sogn og Fj. Fylkeskommune
- 2013- Høringssamling, Førde, Kulturutredningen 2014
- 2014- Førdekonferansen

6.0 Vidareføring av prosjektet

I samfunnsdelen av Fjaler sin kommuneplan frå 2014 til 2025 er vidareføring av prosjektet eitt av satsingsområda.

a) Produsenttenester

Det er gjennom ei produsentteneste at ein kan sikre resultata i prosjektet på ønskeleg nivå og kvalitet. Rådgeving og tenesteyting har vore to suksessfulle element i preformprosjektet og avgjerande for at ein har hatt klare positive resultat.

Produsenttenesten skal vere del av aktiviteten i det nyskipa selskapet PreForm AS, eit selskap eigd av kunst-og kulturprodusentar. Selskapet er skipa som aksjeselskap med ideelt føremål og skal arbeide med vidareføring av målsettinga i PreForm-prosjektet

b) Produksjonslokal

Satsinga på produksjonslokal for kunstnararar som har lagt grunnlaget for den positive utviklinga vi har sett i Fjaler for profesjonell kunstnarleg verksemd dei seinaste åra.

Dei viktigaste lokala å følgje opp i tida etter at PreFormprosjektet er avslutta er :

- 1) Transplantbygget (rom for scenekunstproduksjon, design m.m)
- 2) Gamle Kommunehuset/Tusenårs-staden (Studio av varierende storleik)
- 3) Jakob Sande-tunet, våningshuset. (Residens/litteratursenter)
- 4) Nordisk Kunstnarsenter Dale, samarbeidsaktivitet

PreForm AS skal ha ei vesentleg rolle her.

c) Produksjonsmidlar

Erfaringane i PreFormprosjektet peiker på at produksjonsmidlar er eit særskilt viktig tiltak for å stimulere til auka produksjon. Denne delen av prosjektet har vore vellukka og har medverka til auka aktivitet og kunst –og kulturproduksjon.

Arbeidsoppghåve for PreForm AS..

Enkelttiltak :

d) Teaterfestivalen i Fjaler (<http://tinyurl.com/ol6hah5>)

Teaterfestivalen må seiast å vere ein suksesshistorie og responsen stadfester dette. Av enkeltelement i prosjektet som gjentek seg over tid, er utan tvil dette eit resultat som må sikrast vidare. (<http://tinyurl.com/ol6hah5>)

e) Nettverkssamlinga og fagseminar

Dette er ein aktivitet i prosjektet som har synt seg å vere viktig med omsyn til nettverksbygging og innhenting av kompetanse. *PreForm AS skal ha ei vesentleg rolle her.*

f) Kunnskapsoverføring/kompetanseheving

Vurdere synergieffektar av kunstproduksjon og kreative næringar som lokal utviklingskraft (også sett i høve til anna næringsliv) – PreForm AS

7.0 Regnskap (satt opp slik at det kan samanliknast med budsjettpostane)

Fjaler kom.	Budsj/PreForm	Tiltak	Budsjett	Rekneskap
10100+00100/01700	10100	Prosjektleiing	1220000	1567216
10300 +00500/01650/01651	10300	Tilsette prosjektbasis	770000	265504
00901+00903/00905/00990/10990	10901/10990	Sosiale utgifter 35%	600000	616386
01900+011900	11900	Kontor	130000	114320
01400+11400/11959	11400	Kontor og kommunikasjonsutgifter	100000	67884
02000+11200/01200/01201/12000	12000	Investeringar - inkl prosjektkontor	30000	55626
01502+01600/11600	11200	Overnatting/ diett	60000	13436
01700+01702/01705/11705	11600	Reiser	60000	91256
01401+11401	11401	Representasjon	60000	32321
01800+11800	11800	Produksjonslokale - drift	180000	118603
02700	12700	Nettverkssamlingar –workshop	170000	146070
01500+11500	11500	Kompetanseheving /kurs	60000	72572
13700+04700/04701	13700	Produksjonsmidlar	390000	452318
02300+12300	12300 (Mrkn.1)	Kommunale investeringar i bulystperioden	1000000	425547
04290+14290		Mva	-	163402
		Samla budsjett/rekneskap	4 830 000	4202461
		Finansiering		
09700		Fjaler kommune	1 180 000	60 000
08500	(Mrkn. 2)	Fjaler næringsutvikling + investering	175000	134 827
		Fjaler næringsutvikling nettverksamling	65000	0
07301/07500/08300		Sogn og Fjordane fylkeskommune	1610000	1 220 000
08102		Kommunal og regionaldepartementet	1800000	1 575 000
07290/17290		Kompensasjon mva	-	223402
		Samla finansiering	4 830 000	3 167 169
		Resultat/underskot		989 232

MERKNAD TIL REKNESKAPEN:

Mrkn. 1.: Post 12300:

Sjå pkt 5.0 c) Fjaler Kommune, prosjekt under utvikling, bruk av midlar. samt Vedlegg 7, der det går fram at kr 400 000.- skal nyttast i samband med utvikling av Transplantbygget.

Mrkn. 2. : FnU har ytt kontorareal (gratis) i perioden 2011-2012 til verdi av 62750.-. som ikkje er reflektert i rekneskapen.

For Preform, Fjaler Kommune

Ingeborg O Tysnes
Kulturleiar, Fjaler Kommune